

Dato:
03.10.2025

Oppdragsgjevar:
Møre og Romsdal fylkeskommune

Plan-ID:
202400569

Risiko- og sårbarhetsanalyse Detaljregulering for del av Fv. 659 – Finnøybrua - gbnr. 803/206 m.fl.



Oppdragsnr.: 1350060191
Oppdragsnamn: Detaljregulering for del av Fv. 659 – Finnøybrua - gbnr. 803/206 m.fl.
Dokument nr.: 1
Filnamn: ROS-analyse datert 03.10.2025.docx

Revisjon	Dato	Revisjonen gjeld	Utarbeida av	Kontrollert av	Godkjent av
0	07.08..2025	ROS-analyse - utkast	DAML	KRJBRG	
1	17.09.2025	ROS-analyse etter arbeidsmøte om ROS	DAML	KRJBRG	MRFK
2	03.10.2025	Mindre justeringar etter innspel frå oppdragsgivar	DAML	KRJBRG	MRFK

Henning Larsen Arkitekter
E-post:
norway@henninglarsen.com

www.henninglarsen.com

Innhald

01	INNLEIING.....	5
1.1	Bakgrunn og prosess	5
1.2	Fareidentifikasjonsmøte.....	5
1.3	Føremålet	6
1.4	Avgrensing.....	6
02	METODE	7
2.1	Innleiing.....	7
2.2	Trinn 1: Skildre planområdet og prosjektet.....	9
2.3	Trinn 2: Identifisering av uønskete hendingar.....	9
2.4	Trinn 3: Risiko- og sårbarheitsvurdering av uønskete hendinga.....	9
2.5	Akseptkriterier for flaum- og skredfare.....	11
2.6	Framstilling av risiko- og sårbarheitsbilete.....	12
2.7	Trinn 4: Risikoreduserande tiltak	12
2.8	Trinn 5: Dokumentere analysen og korleis det påverkar planforslaget	13
2.9	Vurdering av usikkerheit.....	13
03	RISIKO- OG SÅRBARHEITSVURDERING	13
3.1	Dagens situasjon og planlagte tiltak.....	13
3.2	Overordna planer	17
3.3	Sårbarheit i området	17
3.3.1	Ustabil grunn.....	18
3.3.2	Skredfare	18
3.3.3	Havnivå og flaum.....	18
3.3.4	Trafikktryggleik.....	19
3.3.5	Beredskap	19
3.3.6	Manglande omkøyingsveg/vegstenging	19
3.3.7	Klimatilpassing.....	20
04	ANALYSE AV RISIKO	21
4.1	Identifisering av uønskete hendinga.....	21
4.2	Uønska hendingar i anleggsfase.....	25
4.3	Vurdering av aktuelle uønska hendingar og risikotilhøve i ferdigfase	25
4.3.1	OMRÅDESTABILITET/EROSJON/UTGLIDING AV EKSISTERANDE OG NY FYLING	25
4.3.2	HAVNIVÅSTIGNING, STORMFLO OG BØLGEPÅVERKNAD....	27
4.3.3	SPESIELT UTSETT FOR VIND, EKSTREMVIND.....	28
4.3.4	TRAFIKKULYKKE ALLE TRAFIKANTAR	29
4.3.5	SKIPSKOLLISJON	31
05	OPPSUMMERING OG VURDERING AV TILTAK.....	35

5.1	Identifiserte uønska hendingar	35
5.2	Risikoreduserande tiltak.....	35
5.3	Konklusjon.....	37
06	REFERANSAR.....	38

01 Innleiing

1.1 Bakgrunn og prosess

Henning Larsen Arkitekter er engasjert av Møre og Romsdal fylkeskommune for utarbeiding av detaljregulering for nye Finnøy bru. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for oppgradering av ny bru, og vegstrekket langs denne.

Ved utarbeiding av planar for utbygging skal ein, etter plan- og bygningslova § 4-3 første ledd, gjennomføra risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Analysen har som mål å identifisera eventuelle problemstillingar og risikofaktorar som vil kunne føre til uønskte hendingar for planformålet, eller om tiltaka i planen vil kunne føre til uønska hendingar. Vidare er målsettinga at risikoen som eventuelt er knytt til uønskte hendingar skal reduserast til eit akseptabelt nivå gjennom avbøtande tiltak. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast i planen som omsynssoner, jf. § 11-8 og 12-6.

ROS-analysen er utarbeida med utgangspunkt i *Samfunnssikkerheit i kommunens planlegging* utgitt av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (2017) [1], og tar utgangspunkt i DSBs rettleiar «Samfunnssikkerheit i kommunens arealplanlegging» (DSB, 2017) og på kjent kunnskap frå overordna planverk med utgreiingar, tilgjengeleg offentlege kunnskapsbasar, slik som kartverk, temakart, o.l. og eigne utgreiingar utført i forbindelse med planarbeidet. Oversikt over kjeldetilvisingar som er brukt er gitt i referansar og vedlegg.

1.2 Fareidentifikasjonsmøte

For å kunne beskrive risiko må man identifisere farar som kan oppstå. Identifikasjon av farar ble gjort ved å avhalde eit fareidentifikasjonsmøte [2]. Dette ble gjennomført den 14.08.2025 Innleiingsvis før møte ble det utarbeida en innleiande analyse basert på eksisterande kunnskapsgrunnlag, og tilgjengelege rapportar.

Tabell 1. Møtedeltakar fareidentifikasjonsmøte.

Namn	Funksjon / tittel
Daniel Michael Larsen	ROS – HLA
Kristian Ramstad Johansen	Oppdragsleiar – HLA
Kristian Husby	Prosjekteringsgruppeleiar – Rambøll
Randi Trøan	Fagansvarleg Vegplanlegger - Rambøll
Dyveke Belsnes	Vegplanlegger - Rambøll
Haakon Kulberg	Geoteknikk – Rambøll
Karen Møller Marker	Fagleg ansvar bru - Rambøll
Per Gunnar Løset	Planleggingsleiar – MRFK
Ragnhild Holen Relling	Prosjektleiar – MRFK
Kjell Haukeberg	Beredskapsrådgjevar – MRFK
Anne Grete Sætre	HMS-rådgjevar vegprosjekt – MRFK

Det er elles brukt andre fagpersonar i planprosessen for innspel i høve til ROS-analysen med ansvar for Naturmangfald og miljøtekniske undersøkingar.

1.3 Føremålet

ROS-analysens føremål er å forebygge gjennom å unngå arealdisponering som skaper ny eller auka risiko og sårbarheit. Analysen skal syne alle risiko- og sårbarheitstilhøve som har betydning for om arealet er egna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Videre er det også et krav i plan- og bygningslovens §3-1 om at planer skal; "...h) fremme samfunnssikkerheit ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv."

- Analysen skal vise dei risiko- og sårbarheitstilhøve som er av betydning for om foreslått arealbruk og planer er egna til formålet.
- Analysen skal vise endringar risiko- og sårbarheit som følge av planen.
- Analysen skal foreslå aktuelle tiltak som kan bidra til å redusere risiko som følge av planlagt utbygging og arealbruk.
- Analysen skal bidra til å ivareta samfunnssikkerheit og beredskapsmessige forhold i knytt til planprosessen.
- Analysen skal bidra til økt bevisstheit om planområdet og planens innhald, i forhold til risiko og samfunnssikkerheit.
- Gi et godt kunnskapsgrunnlag for beslutningstakere.
- Gi kunnskap om kva for tiltak som må ivaretaast eller som kan gjennomførast for å auke planområdets sikkerheit.

Ved byggeprosjekt på fylkesveg skal Statens Vegvesens prosjekteringsnormaler (blant anna N100, N200, N300 og N500) følgjast. Statens vegvesens handbøker og prosjekteringsnormalar skal følgjast, for brukonstruksjonar gjelder N 400.

1.4 Avgrensing

- ROS-analysen omhandlar permanent fase, etter gjennomføring av plan. Forhold i anleggsfase er regulert gjennom anna regelverk, blant anna byggherreforskrifta, og følgd opp i Statens vegvesen handbok R760 Styring av vegprosjekt. Risikoforhold i anleggsfasen vert føresettt løyst gjennom planar for ytre miljø (YM-plan) og tryggleik, helse og arbeidsmiljø (SHA-plan).
- Analysen omfattar planforslaget med gjeldande forutsetningar på analysetidspunktet
- Analysen tar for seg uønska hendingar/ risikoforhold knyttet til følgande tema:
 - Naturgitte- og værforhold
 - Forureining
 - Ulykker
 - Infrastruktur
 - Branntryggleik
 - Ulovleg verksam, sabotasje og terrorhandlingar
 - Bortfall av tilgang på infrastruktur og tenester

ROS-analysen vurderer ikke tema som er sikret gjennom andre krav til utredning. For dette planprosjektet gjelder det:

- Konsekvensar for natur, kulturminne og miljø (inkludert støy) skal normalt ikkje vere del av ROS-analysen etter DSB sin rettleiar (2017), men skal omtalast i planskildring.
- Hendingar som kan oppstå i anleggsfasen vert derfor ikkje analysert i denne ROS-analysen, men det er gjort ei punktvis oppstilling av spesielle forhold som må handterast.

02 Metode

2.1 Innleiing


ROS-analysen er utforma med utgangspunkt i Rettleiar for samfunnssikkerheit i arealplanlegging [3], og er tilpassa andre rettleiarar og malar, og er i tråd med kommunale føringar av ROS-analyser i reguleringsplanar. Analysens omfang er tilpassa planforslagets innhald og kompleksitet, samtidig som den tilfredsstiller krav om risiko- og sårbarheitsanalyse gitt i Plan- og bygningslovens § 4-3.

ROS-analysen baserer seg på offentleg tilgjengeleg materiale (databasar) og grunnlagsinformasjon, og består av følgene deler:

- 1) Identifisere moglege uønskte hendingar
- 2) Vurdere risiko og sårbarheit
- 3) Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit

ROS-analysen avdekkjer kva for områder det er nødvendig med ytterlegare undersøkingar eller avbøtande tiltak, slik at forslaget til regulering kan fremmast. Analysen gir grunnlag for eventuelle omsynssoner i plankartet og utforming av føresegn i reguleringsplanen.

Etter DSBs rettleiar er det føretatt ein analyse i fem trinn, innarbeida gjennom analyseskjema, vurdering og oppsummering (figur 1). Først blir planområdet skildra (trinn 1), og det gis en innleiande identifisering av moglege uønskte hendingar og aktuelle tema (trinn 2), noko som utdjupast vidare i gjennomgang av ROS-skjema. Videre bli det gitt ein vurdering av aktuelle tema, og tiltak identifiserast for å redusere risiko og sårbarheit (trinn 3). I skjema og vurderingar vises det til kunnskapsgrunnlaget som ligger til grunn for vurderingane (trinn 4), og i sluttvurderinga skal der dokumenterast korleis tiltak og risikoforhold påverkar planforslaget (trinn 5).



Figur 1: Trinn i ROS-analysen [3]

2.2 Trinn 1: Skildre planområdet og prosjektet

Skildringar av planområdet og prosjektet/tiltaket er første trinn i ROS-analysen. Det innhentar informasjon om krav, eigenskapar og forhold som kjenneteiknar planområdet, utbyggingsformålet og omkringliggende områder.

Skildringar her gir grunnlag for å identifisere moglege uønskete hendingar.

2.3 Trinn 2: Identifisering av uønskete hendingar

Trinn to i ROS-analysen er å identifisere moglege uønskete hendingar. Moglege hendingar kan grupperast i naturhendingar og andre uønskete hendingar. For å identifisere moglege uønskete hendingar nyttas ein sjekkliste.

For å vurdere aktuelle hendingar er det tatt utgangspunkt i utkast til detaljregulering og faglege utgreiingar, og innhenta informasjon i eksisterande offentlege databasar. Til saman gir dette eit tilstrekkeleg utfyllande risikobilde av planområdet.

De moglege uønskete hendingane skildrast så konkret som mogleg, som omfattar omfanget av hendingane og kor i planområdet de inntreffer.

Dei identifiserte risikoane blir vist utan risikoreduserande tiltak. Om ei hending i sjekklista er identifisert som en aktuell fare/uønskete hending vil den bli nærare analysert. Hendinga som ikkje sjåast som aktuelle blir utgreidd ikkje vidare.

2.4 Trinn 3: Risiko- og sårbarheitsvurdering av uønskete hendinga

Trinn tre i ROS-analysen er å vurdere risiko og sårbarheit av de uønskete hendingane. De uønskete hendingane blir vurdert med omsyn til årsaker, eksisterande barrierar, sannsyn, sårbarheit, konsekvensar og usikkerheit.

Sannsynvurdering

Sannsyn brukast som eit mål for kor truleg det er at en bestemt hending vil inntreffe i det aktuelle planområdet, innanfor eit tidsrom. Vurderinga er på bakgrunn av skildringa av planområdet, kjente førekomstar av tilsvarande hendingar, eksisterande barrierar eller forventa hendingar i framtida. Vurderinga gis ein forklaring.

Tabell 2 Kriteriet for sannsyn er oppgitt etter DSB sin rettleiar for ROS-analyser

Kategori for sannsyn	Tidsintervall generelt	Tidsintervall flaum og stormflo (F1-3)	Tidsintervall skredfare (S1-S3)
Høg	Oftare enn 1 gang i løpet av 10 år	F1: 1 gang i løpet av 20 år	S1: 1 gang i løpet av 100 år
Middels	1 gang i løpet av 10-50 år	F2: 1 gang i løpet av 200 år	S2: 1 gang i løpet av 1000 år
Låg	Sjeldnare enn 1 gang i løpet av 50 år	F3: 1 gang i løpet av 1000 år	S3: 1 gang i løpet av 5000 år

Sårbarheitsvurdering

Sårbarheitsvurderinga tar for seg evne til motstand og moglegheit til å rette opp igjen ved utbyggingsformålet, eventuelle eksisterande barrierar og hendinga som ein følgje av den uønskte hendinga.

Vurdering av konsekvens

Konsekvens er den verknaden ein uønskt hending kan få for planområdet og utbyggingsformålet. Konsekvenstypene som er i bruk tek utgangspunkt i viktige verdiar for samfunnsstryggleiken:

Liv og helse blir vurdert ut i frå tal på omkomne, skadde eller andre som er påført helsemessige belastningar på grunn av den uønskte hendinga.

Stabilitet (Miljø) blir vurdert ut i frå konsekvensar for befolkninga som blir rørt av hendinga gjennom svikt i kritiske samfunnsfunksjonar, og som kan bidra til manglande tilgang på mat, drikke, husly, varme, kommunikasjon, framkom etc.

Materielle verdiar blir vurdert ut i frå direkte kostnader som følge av den uønskte hendinga i form av økonomiske tap knytt til skade på eigendom.

Ytre miljø (natur og miljø) skal i utgangspunktet bli vurdert gjennom andre metodar (f.eks. miljøkonsekvensar i KU eller i form av krav til miljørisikoanalyse jf. Forureiningsforskrifta dersom det er fare for akutt forureining. Likevel kan hendinga som akutt forureining eller utslipp frå farleg industri fortsett vurderast i ROS-analysen men da i form av de andre måla for risikostyring.

Det kan være store skilnader mellom planområde og utbyggingsformål, og det på bakgrunn av dette ikkje satt grenseverdiar for de ulike konsekvenskategoriane.

Konsekvenskategoriane må tilpassast kommunen og planområdet. Eksempel på konsekvenskategoriar er gitt nedanfor

Tabell 3 Kriteriet for konsekvens/sårbarheit

Konsekvenskategori	Skildring
Store	<i>Liv og helse:</i> Dødeleg skade, ein til fleire personer <i>Stabilitet:</i> Varige skader på eller tap av stabilitet <i>Materielle verdiar:</i> Økonomiske tap >10 mill. kroner
Middels	<i>Liv og helse:</i> Alvorleg personskade <i>Stabilitet:</i> Skade på eller tap av stabilitet <i>Materielle verdiar:</i> Økonomiske tap 1-10 mill. kroner
Små	<i>Liv og helse:</i> Mindre eller ingen personskadar <i>Stabilitet:</i> Ubetydeleg eller ingen skade på eller tap av stabilitet <i>Materielle verdiar:</i> Økonomiske tap <1 mill. kroner

2.5 Akseptkriterier for flaum- og skredfare

Når det gjeld kriterium for sannsyn og konsekvens knytt til naturhendingar, slik som flaum og skred, vil krav fastsett gjennom Byggteknisk forskrift 2017 (TEK17) vere gjeldande.

TEK17 opererer med omgrepet tryggleiksklassar. Dette inneber at det vert akseptert ulike sannsyn for hendingar etter bygget eller byggjeområdet sin funksjon. Det vert skilt på tryggleiksklassar for flaum som normalt ikkje fører til fare for menneskeliv (F) og tryggleiksklassar for skred og flaum som kan føre til fare for menneskeliv (S). Det vert vist til kapittel 7 i TEK17 (Direktoratet for byggkvalitet 2017) for nærmare forklaring av forskriftskrav.

Akseptkriterier for intervall for hendinga for flaum og skred, F1-3 og S1-3, står i forhold til ulike bygningsklasser, og det er litt ulike akseptkriterier for flaumfare og skredfare, angjeve i tabellane under :

Tabell 4 Ref. Tek.17 (§7-2) [4]

Flom	Bygningstype	Eksempel
F1	Byggverk med lite personopphold og små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar.	Garasje, lagerbygning med lite personopphold
F2	Omfattar dei fleste byggverk berekna for personopphold	Bustad, fritidsbustad, garasjeanlegg, skole, barnehage, kontor
F3	Sårbare samfunnsfunksjonar og byggverk der flaum kan gi stor forureining på omgivnader	Sjukeheim, brannstasjon, beredskapsbygg, avfallsdeponi med forureiningsfare
0	Regional beredskapsinstitusjon (sjukehus, brannstasjon, politistasjon) og strukturer som kan medføre akutt forureining på omgivnader (avfallsdeponi) skal ikkje anleggjast innanfor område med flaumfare.	

Tabell 5 Tek.17 (§7-3) /6/

Skred	Bygningstype	Eksempel
S1	Byggverk der det normalt ikkje opphalda seg personer og der det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar.	Garasje, lagerbygning med lite personopphold
S2	Byggverk der det normalt opphalda seg maksimum 25 personer	Einebustad, fleirmannsbustad/fritidsbustad med mindre enn 10 einingar, arbeids- og publikumsbygg med opphald for maks 25 personer, garasjeanlegg
S3	Byggverk der det normalt opphalda seg meir enn 25 personer, eller der det er store økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar	Bustadbygg med fleire enn 10 einingar, arbeids- og publikumsbygg med opphald for fleire enn 25 personer, skole, barnehage, sjukeheim, lokal beredskapsinstitusjon.
0	Regional beredskapsinstitusjon (sjukehus, brannstasjon, politistasjon), Bygningar med bebuarar eller brukarar som ikkje kan evakuerast ved eigen hjelp (barnehage, sjukeheim, omsorgsbustad), samt byggverk eller strukturer	

	som kan medføre akutt forureining på omgivelser (bensinstasjonar) skal ikkje anleggjast innanfor område med skredfare.
--	---

2.6 Framstilling av risiko- og sårbarheitsbilete

Risiko- og sårbarheitsbilete, som funksjon av sannsyn og konsekvens, kan samanliknast i ein risikomatrise. Her er det brukt ei forenkla konsekvens- og sannsynskategorier etter DSBs rettleiar frå 2017.

Tabell 6: Karakteristikk av risiko som funksjon av sannsyn og konsekvens i ein samanstilling i risikomatrise.

SANNSYNN	KONSEKVENNS			Forklaring
		1 Små	2 Middels	3 Store
SANNSYN	Høg	12, 11		
	Middels		25 og 38	
	Låg		1, 25, 40	

Risikoforhold som fell inn under grøn risikoklasse reknast som akseptable, mens risikoområder i raud kategori i utgangspunktet inneber ein uakseptabel risiko der ein må gjennomføre tiltak. For risikoområder i gul kategori må det vurderast moglege tiltak for å redusere risiko til akseptabelt nivå.

- Raud: Uakseptabelt – tiltak nødvendig, Tiltak skal vurderast, og utgreiast nærare.
- Gul: Tiltak vurderast ut ifrå kostnad/nytte. Blir kommentert og tiltak vil bli vurdert, evt. utgreiast nærare.
- Grøn: Akseptabelt. Blir kommentert, tiltaksvurdering ikkje i utgangspunktet nausynt.

I kapittel 4.3 er fargekodinga i matrisa er brukt for å illustrere risikonivået for dei identifiserte risikotilhøve.

Bygningar/byggjeformål som fell innanfor ei ikkje akseptert faresone for tryggleiksklassen blir vurdert som «raud» (uakseptabel) risiko. Risikoen må da seinkast, anten ved hjelp av sikringstiltak, eller ved å flytte byggjeformålet utanfor faresona. Bygningar/byggjeformål som fell utanfor aktuell faresone, men framleis er utsett for uønska hendingar, blir vurdert som «gul» eller «grøn» risiko etter ei fagleg vurdering.

2.7 Trinn 4: Risikoreducerande tiltak

Trinn fire i ROS-analysen er å identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit. Dette gjerast på bakgrunn av risiko- og sårbarheitsvurderinga. Aktuelle tiltak kan være nye tiltak eller forbetringar av eksisterande barrierar. For å sørge for at tiltak blir følgt opp i

planforslaget vil det være hensiktsmessig å kople aktuelle tiltak til verktøy i PBL (omsynssoner, føresegn og arealformål).

2.8 Trinn 5: Dokumentere analysen og korleis det påverkar planforslaget

Trinn fem i ROS-analysen skal analysen og korleis den påverkar planforslaget dokumenterast. Dette illustrerast ved bruk av risikomatriser som synleggjer risiko for enkelthendingar som eit resultat av sannsyn og konsekvens. Videre blir dette presentert i ein matrise for kvar av konsekvenskategoriane (liv og helse, stabilitet og materielle verdiar). Til slutt vil ROS-analysen tar for seg ein oppsummering over dei risikoreduserande tiltak som er blitt føreslått.

2.9 Vurdering av usikkerheit

Det vert understreka at det alltid vil vere ein viss grad av uvisse knytt til risikovurderinga. Tilgang på relevant kunnskapsgrunnlag, i form av f.eks. statistikk og erfaring frå tilsvarande situasjonar, vil påverke uvisse. For nokre typar hendingar, inkludert hendingar der sannsyn vert påverka av klimaendringar, vil det også vere uvisse knytt til om historiske data kan overførast til framtidig sannsyn. Mangel på kunnskapsgrunnlag og andre forhold som medfører uvisse er skildra i skjemaet for analyse av risiko for aktuelle hendingar

03 Risiko- og sårbarheitsvurdering

3.1 Dagens situasjon og planlagte tiltak

Planområde ligg i mellom dei to øyane Harøya i sør-vest og Finnøya i nord-øst i Ålesund kommune. Desse er inkludert i ei øygruppe som ligg for seg sjølv yt mot Norskehavet. Tidlegare var øyane ein del av Sandøy kommune som ble slått i saman med Ålesund kommune i 2020.


Området grenser til Lyngholmen naturreservat i øst og Malesanden og Huse Dyrelivsfredningsområder i sør/sørvest. Området er rikt på naturverdiar med både lokal og nasjonal forvaltningsinteresse.

Planområdets 58,8 er omlag daa og dagens rører i hovudsak fylkesveg 659 i form av køyreveg og sjøareal i tett nærleik til dagens veg.

Fylkesveg 659 er forbinda i saman via ein molo mellom Harøya og Finnøya (1,5 km). Finnøya bru ligg midt i mellom på denne. og har om lag 500 ÅDT (skjønne). Vegen har ei fartsgrense på 50 km/t. Strekninga er ein del av siste ledd i eit større vegsamband (Nordøyvegen) kopla i saman med undersjøiske tunnelar og bruer, som gir fastlandsforbindelse. Det er omlag 100 km til Ålesund.

Dagens bru blei bygd i 1972 Overbygninga på brua vart bytta ut i 2003 på grunn av korrosjon (rust). Brua har ei spennvidde på om lag 11 meter og ei breidde på om lag 5 meter. Vegen er ein ein-felts veg på steinfylling med møteplassar om lag 250 meter frå brua på

begge sider. Det er avdekt omfattende armeringskorrosjon og avskaling i begge landkarar, og derfor naudsynt å bytte ut brua.



Figur 2: Plangrense i reguleringsplan – varsel om oppstart.

På bakgrunn av de skisserte utfordringane ovanfor skal planforslaget legge til rette for etablering av ny bru, og oppgradering og heving av deler av vegstrekket. Det skal i tillegg til bli regulera inn fortau, men det er ikkje eit prioritert tiltak for fylke.

Det er utarbeida et forprosjekt knytt til reguleringsplanarbeidet for brua og tilstøytane vegovergang som skal danne grunnlag for prosjekteringsarbeidet [5].

Veganlegget er planlagt i to byggetrinn. Byggetrinn 1 omhandler riving og bygging av ny bru med tilhørende overganger til eksisterende fylling og veganlegg. Byggetrinn 2 omhandler ferdigstilt veganlegg, men er noko usikkerheit kring finansiering av dette.


Planlagt veganlegg - Hovudveg fv. 659

Vegen er planlagt dimensjonert etter HB N100 og Hø2 veg etter utbetningsstandard. Det prosjekterast vegbelysning på heile strekningen. Vegens overbygning er dermed dimensjonert etter trafikkgruppe A frå handbok N200. Bereevne er satt til bæreevnegruppe 3 for veger på skjeringar eller steinfyllingar.

Ny veg vil få maksimal stigning på 6 %, mens dagens stigning til brua er rundt 10 %. Vegen med fortau vil ha en bredde på 10,5 m over brua og vegbreidda blir redusert frå 7,5 til 6,5 meter rett etter brua og vingemurane.

Vegen skal ned til dagens høgde på nåverande fylling og vegen blir innsnevra og tilpassa dagens vegbreidde som er 3,5-4 meter. Det vil bli en overgangstrekning der tilpassinga til dagens vegbreidde skjer over en strekning på om lag 20 meter. Den totale lengda på ny bru og vegareal blir ca. 330 meter veg med 6% stigning opp og ned til brua, som inkluderer en ny bru med vingemurar på ca. 41,5 meter.


Fartsgrensa er i dag 50 km/t og det planleggast å vidareføre dette, sjøl om vegklasse Hø2 tilseier ein fartsgrense på 60 km/t. Denne geometri utbetringa vil forbetre vegens sikkerheit og funksjonalitet, og sørger for at dagens krav og standardar oppfyllest innanfor strekningen som den skal utbetre.



Figur 3: Generell tverrprofil av ny bru og fv. 659.

Gående og syklande langs fv. 659

Det er ikkje i dag fortau langs eksisterande veg. Fortauet som skal regulerast i underkant av 300m og skal avsluttast ved innsnevringa. Langs vegen på fyllinga og på brua vil det bli regulert et fortau som er 3 meter breidt, og kantstein på 0,25 cm i tillegg. Vegen vil bli bygget med rekkverk av betong på begge yttersider. Bredden på rekkverksrommet på fyllingen vil være 75 cm på hver side.



Figur 4: Utsnitt over strekninga som skal byggjast med ny bru og ny veg på fylling. Gult areal er fylling og rosa er fortau.

Dimensjoneringsgrunnlag bru

Brua vil bli dimensjonert etter krava i handbok N400 Bruprosjektering. Ved planoppstart har Kystverket krevja ei seglingshøgde på 4 m under ny bru.


Det er i prosessen vurdert fleire brutyper, og det er til slutt landet på to alternativ ein skal vurdere vidare;

- Lang ett-spenns bru med forspent betongplate
- Ett-spennsbru, landkarløs

Mellombels køyreveg og bru

Planområde inkluderer fylkesveg 659 frå Harøya til Finnøya, og på grunn av sikkerheit – og beredskapsomsyn, samt behov for å oppretthalde ein viktig hovudveg for lokalsamfunnet mellom øyane, kan ikkje vegen stengast permanent i påvente av ny bruløysing. Riving av bru og bygging av ny bru krevjar difor ein mellombels løysing under anleggsperioden.

For å sikre eit realistisk alternativ i anleggsperioden som oppfyller krava, skal det byggjast ein mellombels vegfylling parallelt med eksisterande veg i øst Samt byggjast ein mellombels bru for å halde vegtrafikken open, i tillegg til båttrafikk under bruene (figur).



Figur 5: Illustrasjon over mellombels køyreveg og bru.

Denne vegen blir da omtrent 370 meter lang, inkludert bru midt på strekningen. Mellombels bru skal være 45 meter lang, og opninga under skal passe med framtidig planlagt bru. Vegen bli dimensjonert med ein vegbreiide på 3 m for einvegs trafikk samt noko tilleggsareal for sikring mot sideterrenget, med møteplass i begge ender. For å legge ut midlertidig bru er det nødvendig med en vegbreidde lik bruas breidde på 7,1 meter. Dette gjelder for en strekning på 34 meter, og denne strekningen skal også være rett og flat.

Mellombels veg får grusdekke, og får ein god avstand til ny bru for slik at ein sikrar tilstrekkeleg plass til bygningsarbeidar med ny bru. Vegen blir heva frå dagens høgde til 4.173 m over havet.

3.2 Overordna planer

Planområdet er ikkje tidlegare detaljregulert og det er den tidlegare arealdelen til kommuneplanen for Sandøy kommune som gjeld (2015-2027). Etter Sandøy kommune ble ein del av Ålesund kommune er dette no ein kommunedelplan (KDP), og den er forsett gjeldande for område.

Planområdet er satt av i KDP til Veg, Framtidig næringsformål og Bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsone. I tillegg ligg deler av sjøareala i aust innanfor omsynssone for Bandlegging etter lov om naturvern (H_720). Planområdet har nokre grensar reguleringsplanar på Harøya og Finnøya. På Harøya i nord-aust finn vi detaljregulering for Steinsvik hamneområde PlanID: 1508 15462015004 vedtatt 18.05.2020. og i sør-aust på Finnøya finn vi Detaljregulering for Bjørktun hyttefelt på Finnøya vedtatt 26.05.2016.

3.3 Sårbarheit i området

Kapittelet bygger på kjend sårbarheit frå overordna kjelder, og frå fagrapportar utarbeidd i samband med planarbeidet.

3.3.1 Ustabil grunn


I følge kvartærgeologisk kart over området ligger Finnøya og nordre del av Harøya lågt at marin grense ikkje kan sjåast i kartet, men sørlege del av Harøya ligger høgare og der ligg marin grense rundt kote +50. Planområdet ligg også utanfor kvikkleiresone som er lokalisert på Finnøya. Det er gjennomført boringar for å undersøke grunnforholda i traseen for ny veg og bru. På synfaring ble det konstatert at fyllingane består av samfengt sprengstein, mens sonderingane viser at lausmassane under fyllingane består av sand over morene/grove masser over berg. Vurdering av områdestabilitet er derfor ikkje aktuelt.

3.3.2 Skredfare

Aktsemdskart for snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred og fjellskred som ligg på NVE sin nettstad (atlas.nve.no) er nytta for å få ein oversikt i planområdet. Det er ikkje registrert aktsemdsyn for nokre skrifttypar i planområdet. I planarbeidet er det gjennomført synfaring og geologisk registrering som stadfester denne vurderinga.

3.3.3 Havnivå og flaum

Fylkesveg 659 er binda i saman via ein molo og bru mellom Harøya og Finnøya (1,5 km). Strekninga er ein del av siste ledd i eit større vegsamband (Nordøyvegen) kopla i saman med undersjøiske tunnelar og bruer, som gir fastlandssamband. Det er omlag 100 km til Ålesund. Vurderingar opp mot havnivå, flaum og bølgepåverknad er derfor aktuelle.



Figur 6: Aktsemdskart for stormflo (Kartkilde: [Atlas.nve.no](https://atlas.nve.no))

I høve til NVEAtlas vil store deler av fylkesveg 659 på begge sider av Finnøybrua være utsett for oversymjing ved ein 200-års stormflosituasjon i år 2100, sjå figur 6. Dagens 200-års stormflo er oppgitt av kartverket å ligge på ca kote +1,9 (NN2000).

Forventa havnivåstigning for Møre og Romsdal er angitt til å være mellom 57 og 77 ifølge norsk klimaprofil for Møre og Romsdal. Det er sett til 77 cm for Finnøy.

Dette gir 200 års stormflo for år 2100 lik 2.70 moh [6].

Etter Kystverkets krav skal seglinghøgde under Finnøybrua fortsatt være 4 m.

3.3.4 Trafikktryggleik

Det er ikkje kjent historikk med ulykke her mellom mjuke og harde trafikantar. Det er registrert ein bilulykke i 2005. [7]

Fartsgrensa er i dag 50 km/t, ÅDT er 500 (basert på skjønn), av dette om lag 7% tunge køyretøy (2023).

ÅDT er låg og det ikkje venta noko auking i trafikktal som gje auka utfordringar kring trafikktryggleik. Det er ein veg som har i dag blanda trafikk og har ein smal brukargruppe, og det vil etter nytt tiltak med ny bru og vegutbetringar vurdert til å auke trafikktryggleiken. Det er planlagt løysing for fortau, men vert førebels ikkje prioritert bygd av fylket. Det er ein mogleg skuleveg frå Finnøya til Harøya skule, men det er ikkje kjend kor mange brukarar som ferdes her. Truleg er det lite gåande og syklande. Det pågår barnetråkkregistreringar i område i dag.

3.3.5 Beredskap

Det er kort veg for utrykkingskøyretøy ca 5 min (ambulanse og brannvesen) frå Steinshamn til planområdet. Nærmaste politistasjon er i Brattvåg ca 50 min, og utrykkingstid kan varierer ut i frå patruljeverksemd.

3.3.6 Manglande omkøyingsveg/vegstenging

Fylkesvegen bind saman to Harrøya og Finnøya, og det er ingen omkøyingsveger om vegen skulle bli stengd av ulike årsaka både i anleggsfase og i ein driftsfase. Tiltaket vil betre framkom og sikkerheit i ein ferdig fase. Prosjektet legg til rette for ein mellombels bru i anleggsfase, som skal halde vegstrekket open. Dette er eit av premissane i prosjektet.

Uføresette stengingar vil være uheldig for samfunnsberedskap og utrykkingskøyretøy på Finnøya, og det vil være viktig at ein tek høgde for dette i kommunale beredskapsplanar. Utan vegtilkomst er ein avhengig av båt/ferje eller helikopter for å ta seg fram på Finnøya. Det går ferje frå Finnøya til fastlandet med fem daglege avgangar, men ved vegstenging på grunn av storm kan det påverke ferjeavgangar.

3.3.7 Klimatilpassing

MOGELEG VESENTLEG AUKE	
 Tørke	Trass i meir sommarnedbør, kan høgare temperaturar og auka fordamping auke faren for tørke om sommaren
 Isgang	Kortare isleggingssesong, hyppigare vinterisgangar samt isgangar høgare opp i vassdraga. Nesten isfrie elver nær kysten
 Snøskred	Med eit varmare og våtare klima vil regn oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred, og auke faren for våtsnøskred i skredutsette område
 Kvikkleireskred	Auka erosjon som følge av hyppigare og større flaumar kan utløyse fleire kvikkleireskred
VESENTLEG AUKE	
 Ekstrem nedbør	Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekomst. Dette vil også føre til meir overvatn
 Regnflom	Det er venta fleire og større regnflaumar, og i mindre bekkar og elver må ein vente ei auke i flaumvassføringa
 Jord-, flom- og sørpeskred	Auka fare som følge av auka nedbørmengder
 Stormflo	Som følge av havnivåstiging er det venta auke i stormflonivå
SANNSYNLEG UENDRA ELLER MINDRE	
 Snøsmelteflom	Snøsmelteflaumane vil komme stadig tidlegare på året og bli mindre mot slutten av hundreåret
USIKKERT	
 Sterk vind	Truleg lita endring
 Steinsprang og steinskred	Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auke frekvensen av desse skredtypane, men hovudsakleg for mindre steinspranghendingar
 Fjellskred	Det er ikkje venta at klimaendringane vil auke faren for fjellskred vesentleg

Figur 7: Klimaprofil Møre og Romsdal fylke [8]

04 Analyse av risiko

4.1 Identifisering av uønskete hendinga

Sjekkliste for risiko og sårbare forhold nedanfor er nytta for identifisering av moglege uønska hendingar. Det er lagt til grunn ei fagleg skjønnsbasert vurdering av hendingar som er relevante for området. I denne analysen er i tillegg følgjande kjelder lagt til grunn for identifisering av uønska hendingar:

- Offentlege kartdatabasar
- Geologisk vurdering
- Miljøtekniske grunnundersøkingar
- Notat tidevatn og stormflo/vurdering av overskylning av fv. 659(Norconsult)

Tabell 7: Sjekkliste for identifisering av uønskete hendingar.

Nr.	Hendingar/situasjon	Til stades	Kommentar
Naturgitte forhold			
1.	Ras i tunell	Nei	Ikkje aktuelt
2.	Områdestabilitet/utgliding av veg	Ja	Dagens fylkesveg ligg på ein steinfylling mellom Finnøya og Harøya. Planarbeidet legg opp til ein utviding av dagens fylling. Det er ikkje kjend at det har forekommet utglidingar på veganlegget. Område ligg i sjø, og det ligg ikkje kvikkleiresonar i dette området jf. punkt 3 [9]. Område stabilitet er vurdert i geoteknisk vurdering og er derfor tatt til vurdering.
3.	Lausmasseras/kvikkleire	Nei	I følge kvartærgeologisk kart over området ligger Finnøya og nordre del av Harøya lågt at marin grense ikkje kan sjåast i kartet, men sørlege del av Harøya ligger høgare og der ligg marin grense rundt kote +50. Planområdet ligg også utanfor kvikkleiresone som er lokalisert på Finnøya.
4.	Steinras/ steinsprang – svært bratt område	Nei	Ikkje aktuelt - Ifølge NVEs kartdatabase er området ikkje utsett for snøskred, isskred, steinsprang, leirskred eller jordskred. [10]

Nr.	Hendingar/situasjon	Til stades	Kommentar
5.	Snøskred/ isras	Nei	Sjå punkt 2
6.	Sørpeskred	Nei	Sjå punkt 2
7.	Flom frå vassdrag	Nei	Ikkje aktuelt
8.	Isgang i vassdrag	Nei	Ikkje aktuelt
9.	Flom fra nedbørshendelser (overvann) – Svikt i avløps-håndtering/ overvannshåndtering)	Ja	Hele planområdet grenser til sjø og har derfor naturleg avrenning til sjø. Dimensjonering for handtering av overvatn skal følgje SVV sine vegnormalar [3] Utsett for flaum i dag.
10.	Radongass	Nei	Ikkje aktuelt
11.	Stormflo/havnivåstigning samt bølgepåverknad	Ja	Planområdet ligg i sjø og eksisterande veg ligg på ein steinfylling med sjø på begge kantar. Ifølgje databasar for NVE [2] og Kartverket er det i dag en risiko for at vegen og brua kan bli utsett for stormflo, bølgepåverknad og havnivåstigning, og at dette vil forsterkast i framtida.
Værforhald			
12.	Spesielt vindutsett, ekstrem vind	Ja	Planområde er utsett for vind, og kombinasjon med stormflo kan dette utløyse en risiko for stenging av vegstrekket. Klimamodellane gjev lita eller inga endring i vindtilhøve i dette hundreåret, men det er stor uvisse i framskrivingane for vind
13.	Spesielt nedbørutsett, ekstrem nedbør	Nei	Det vurderast som høgt sannsynleg at det vil bli ein auka utvikling i ekstrem nedbør i framtida, og at dette vil føre til utfordringar for system som er etablert for å handtere overflatevatnet. Hele planområdet grenser til sjø og har derfor naturleg avrenning til sjø [3].
Forureining			
14.	Forureina grunn	Nei	Jf, grunnundersøkingar og geoteknisk rapport er ikkje det oppdaga forureina grunn eller massar, og tema blir ikkje vurdert vidare.
15.	Akuttutslepp til grunn eller sjø	Nei	Ingen risikoaktivitet i direkte nærleik. I ein anleggsfase kan det være risiko for akutt utslepp frå anleggsmaskiner og utfylling i sjø kan medføre forureining til grunn og sjø. Må ivaretakast i prosjekteringa.

Nr.	Hendingar/situasjon	Til stades	Kommentar
16.	Avrenning frå fyllplassar etc.	Nei	
17.	Ulykker fra industri med storulykkepotensiale – utslipp av farlige stoffer	Nei	Det er ikkje industri med storulykkepotensiale i nærleik.
Omgjevnader			
18.	Støv og støy fra industri	Nei	Ikkje aktuelt
19.	Støy og luftforureining frå trafikk	Nei	Planområdet ligg innanfor gul støysone i følgje kommunekart.. Støy frå trafikken i dag råkar ikkje støyfølsame bygg og anlegg pr i dag, og det er ikkje venta at dette vil gjere det ved ferdigstilling. Ref SVV. Tiltaket vil kunne føre til utfordringar i anleggsperioden knytt til støy og støv, spesielt som ein følgje av utfylling av massar, i tillegg til transport inn og ut frå anleggsområdet med anleggsmaskiner og tunge køyretøy
20.	Stråling frå høgspenn	Nei	
21.	Andre kilder for uønsket stråling	Nei	
22.	Påvirkes planområdet av regulerte vannmagasiner, med spesiell fare for usikker is, endringer i vannstand, dambrudd med mer	Nei	
Ulykker			
23.	Ulykke med farleg gods	Nei	Det er ikke kjent at det er risiko for ulykker ved transport av farlig gods i området
24.	Trafikkulykker (påkørsel av myke trafikanter, møteulykker og utforkjøring)	Ja	Gåande og syklande nyttar vegen i dag, saman med motoriserte køyretøy. Det er ikkje kjent historikk med ulukke her mellom mjuke og harde trafikantar. Det er registrert ein bilulykke i 2005. Det er lav ÅDT med om lag 500 passeringar (skjønn) og ikkje vurdert at tiltaket vil gi auka trafikk. Det er møteplassar på vegstrekket i dag
25.	Skipskollisjon	Ja	Det er ikkje registrert ulykke her, men må ivaretakast ifm prosjektering. Påkøyning av brua med båt er ikkje vanlig, men seglingshøgde på berre 4 m kan slike ulykke oppstå.
Infrastruktur			
26.	Havn, kaianlegg	Nei	Ikkje relevant
27.	Sjukehus/-heim, kyrke	Nei	Ikkje relevant
28.	Brann/ politi/ sivilforsvar	Nei	Ikkje relevant
29.	Kraftforsyning	Nei	Ikkje relevant
30.	Vassforsyning	Nei	Ikkje relevant
31.	Forsvarsområde	Nei	Ikkje relevant

Nr.	Hendingar/situasjon	Til stades	Kommentar
32.	Tilfluktsrom	Nei	Ikkje relevant
Branntryggleik			
33.	Brann i transportmiddel (veg, bane, luft, sjø)	Nei	Ikkje særleg utsett
34.	Brann i bygninger og anlegg (sykehus, sykehjem, skole, barnehage, idretts-haller/tribuneanlegg, asylmottak, fengsel/arrest, hotell, store arbeidsplasser, verneverdig/fredet kulturminne)	Nei	
35.	Brann/eksplosjon i industrivirksomhet, tankanlegg, fyrverkeri eller eksplosivlager	Nei	
Ulovlig virksomhet, sabotasje og terrorhandlingar			
36.	Er tiltaket i seg selv et sabotasje-/terrormål	Nei	Vegstrekket inkluderer ei bru, men det er ikkje kjent at dette er eit utsett sabotasjemål.
37.	Er det potensielle sabotasje-/terrormål i nærheten?	Nei	
Bortfall av tilgang på infrastruktur og tenester			
38.	Svikt i framkommelighet for personer og varer/ Svikt i nød- og redningstjenesten	Ja	Fylkesvegen bind saman to Harøya og Finnøya. Tiltaket vil betre framkom og sikkerheit i ein ferdig fase. Ulykke på brua kan gi svikt i framkom på Finnøya.
39.	Bortfall av VA, forurensning av drikkevann	Nei	Det er ikkje lokalisert drikkevasskjelder innanfor planområdet. Det går ein vassleidning i aust utanfor planområdet. Temaet er ikkje vurdert å være relevant.
40.	Bortfall av energiforsyning, telekom og IKT	Ja	Tiltaket i seg sjølv vil ikkje gi konsekvensar for energiforsyning, telekom og IKT , men flytting av slik infrastruktur må ivaretakast i vidare prosjektering av veganlegg. Langs molovegen går det straumforsyning og fiberkablar. Straumforsyning og fiber må leggjast om når veganlegget skal byggjast.

4.2 Uønska hendingar i anleggsfase

Tabell 8: Uønska hendingar i anleggsfase

Hendingar:
- Ikkje planlagde stengingar av fylkesvegen i anleggsfasen / redusert framkomst for utrykkingskøyretøy
- Trafikkulukker mellom vanleg trafikk (alle trafikantgrupper) og anleggstrafikk – sikring og faseplanar
- Bygging og riving av ei ny bru kan gje arbeidsulykke i form av skadar eller at arbeidarar hamnar i vatnet.
- Massetransport i anleggsfase og utfylling i sjø kan gi forureining
- Båttrafikk må òg ivaretakast i anleggsfase
- Støy og støv i anleggsfasen
- Farar som er ekstra relevante i forbindelse med sjøarbeider er skliulykker, fall, drukning, utglidingar under fyllingsarbeider
- Arbeid nær høghspont
- Andre hendingar

